



Avtale om vegrett over g.nr 175/1 for g.nr. 175/10 i Lindås kommune


29.mars 2019 er det oppretta slik avtale mellom g.nr. 175 /1 (Skår) og g.nr. 175/10 i Lindås kommune:

1. Frå sør-vestre hjørne av 175/10 er det gitt rett til å leggje ca 30 meter lang og 3 meter brei køyreveg over g.nr. 175/1 i rett søraustleg retning fram til eksisterande gardsveg – slik det viser på grunnkart pr. dato – med vidare rett til å nytte gardsvegen som køyreveg fram til fylkesveg 401.
2. Det blir gjeve fri grunn til at eigar av 175/10 kan utvide del av nemnde gardsveg (pkt 1) til 3 meter breidde slik det er krav om for bustadhus. Arbeidet blir utført etter nærare avtale med grunneigar.
3. Etter nærare skriftleg avtale tek g.nr. 175/10 del i vedlikehald av gardsvegen mellom tilknytingspunkt og fylkesvegen. Vedlikehaldet skal delast mellom dei faste brukarane av vegen og stå i rimeleg forhold til kvar part sin nytteverdi.

Skår 8.april 2019


Kari Skår Sørheim


Knut Fredrik Sørheim


Even Gausereide